Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

Og



Villreinutvalet for Nordfjella

Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen,
7485 Trondheim

Dykkar ref.:	**Dykkar dato:**	**Vår ref.:** 16-N/16swb	**Vår dato:** 29.04.2016

Oppmoding om justering av vedtak om ekstraordinært uttak av dyr med presiseringar

For å få tak i noko meir materiale til å gjere prøvar på, med tanke på førekomst av CWD, er det gjeve fellingsordre til SNO på 10 dyr frå Nordfjella. Villreinutvalet har støtta Miljødirektoratet sitt framlegg til dette vedtaket, og villreinnemnda er orientert om saka. Utvalet skriv i sitt svarbrev til direktoratet at dei vil akseptere eit slikt uttak *dersom veterinærmynda ser det som naudsynt*. Instruksen gjeld berre bukk. Dette er m.a. med det mål å unngå å uroe fostringsflokkane som no går inn i yngletid, der kalvinga set i gang i desse dagar.

Me oppfatta i møte på Bjøberg i går, 28.04.16, at det ligg ein sterk iver hjå fleire partar etter å felle dei ti dyra så raskt som råd. Desse signala kom både frå nasjonal forvalting og frå SNO som skal utføre oppdraget. Me meiner at dette hastverket kan føre til at me mister moglegheita til å få tak i det me leitar etter, nemleg dyr med smitte. Me ser og at me med eit slikt hastverk ikkje får nytta moglegheita som *kan* by seg til å minimere det ekstraordinære uttaket.

Det er alltid eit underliggande mål om at ekstraordinære uttak av vilt skal vere så små som mogleg, og berre utførast dersom det er absolutt naudsynt. Når det vert gjort lyt det gjerast på ein slik måte at det maksimerar målet med uttaket, i dette tilfelle – å finne dyr som ber smitte. Eit uttak på ti tilfeldige dyr vil *ikkje* kunne gje nokon haldepunkt for å seie noko om omfanget av sjukdommen. Alle statistiske metodar som ligg bak forsking, økologisk så vel som medisinsk, krev eit mangedobla tal prøver i høve til populasjonsstorleik. Det er åpenbart at det er i samband med den ordinære jakta at me kan få høve til å ta ut eit tal prøver som kan fortelje oss noko i det heile. Eit godt og riktig bilete på stamma sin totale belastning av sjukdommen, basert på statistiske testar med signifikant resultat, vil me kanskje ikkje få før fleire jaktsesongar er gjennomført. Dette vil m.a. avhenge av kor stor prosentdel av bestanden som er smitta.

Villreinnemnda og villreinutvalet ser denne første prøvetakinga som eit strakstiltak som kan gje oss ferske dyr for undersøking av sjukdomstilfelle, slik at konklusjonane basert på eitt einskilddyr sin sjukdom kan styrkast. Det vil difor vere viktig med eit selektivt uttak der ein freistar å få tak i «skrapdyr», dvs. småvaksne, skrantne eller magre dyr, eller dyr som har unormal oppførsel etter flokken under raskt trekk eller flukt. 10 dyr vil, som nemnt, ikkje bidra vesentleg til å svare på spørsmålet om belastning, og i høve til dette spørsmålet har me mykje betre tid. Smitteomfanget er eit spørsmål ein vil finne ut av gjennom oppfølging og forsking både ila året og dei komande åra.

Det vart for få dagar sida kjent at det er gått eit snøras i fjellet i Lærdal som har teke villrein. Det er framleis farleg å gå inn i rasområdet, så ein har ikkje oversikt over kor mange dyr som er tekne. Ein kan sjå i kikkert at det stikk opp bein frå eitt eller to dyr, og det er noko rovfuglaktivitet i raset. Ei

Sekretariatsadresse villreinnemnda:
Siri Bøthun Naturforvaltning
6896 Fresvik
post@sbnatur.no

Sekretariatsadresse villreinutvalet:
Aurland fjellstyre
Fjordsenteret, 5745 Aurland
aurland@fjellstyrene.no

sporslepe fortel at det har gått ein mindre flokk i lisida der raset gjekk. Det er difor stort sannsyn for at det ligg fleire rein nedgravne i raset. Med den rasfaren som har vore i fjellet den siste tida, kan ein ikkje sjå bort i frå at det er gått med dyr andre stader og.

Me meiner at me må nytte det høve naturen gjev oss til å minimere det ekstraordinære uttaket. SNO bør få instruks om å avvente fellinga til ein har oversikt over kor mange dyr som har gått i raset. Dersom dette gjev oss 10 eller fleire dyr i riktig alderskategori gjer det felling av normale, friske dyr heilt unødvendig. Det vil då vere endå viktigare at ekstraordinært uttak kun er eit suplement der ein har høve til å få ut evt. dyr med teikn på svakheit utan at det er så alvorleg at det gjev grunnlag for felling etter Lova om dyrevelferd § 4. Dette vil krevje at ein tek seg tid, og ikkje reiser ut umiddelbart for å felle tilfeldige dyr.

Eit særuttak bør ha samfunnsaksept. Å kunne kommunisere at ein har gjort det som står i si makt for å finne andre alternativ er ein styrke i høve til å oppnå slik aksept.

Dersom ein har svar på prøver frå 10 dyr innan inngangen av juni månad vil dette vere tilstrekkeleg i høve til kommunikasjonen ut til jegerane. Dermed har me tid til å vente til snøen har sett seg, og det vert trygt å undersøke raset slik at det kan gjerast ei vurdering av prøveomfanget dette gjev oss. Finn me ikkje nok dyr som kan nyttast der, kan felling gje oss det talet dyr ekstra som trengs. Denne ventinga kan gjere at ein ikkje lenger kan nytte skuter, slik at det krevst ein større arbeidsinnsats å få tak i dyra. Det momentet meiner me lyt vere underordna omsynet til dyrevelferd, ro i fjellet, minimering av ekstraordinært uttak og maksimering av sjansen for å få oppnå sjølve målet med innhenting av dyr for prøver.

Slik det kom fram i møtet er det viktigaste strakstiltaket, i høve til oppfylging av sjukdomstilfellet i felt, å syte føre at ein held delstamma av rein med påvist smitte isolert frå andre dyr. Som forvaltingsorgan for Nordfjella villreinområde meiner me at hindring av villreintrekk som kryssar Rv 52 og Fv 50 bør ha førsteprioritet når det gjeld innsats frå SNO i næraste framtid.

Villreinnemnda og Villreinutvalet, ber om at det vert gjort eit tilleggsvedtak i saka ang. felling av dyr for prøvetaking i Nordfjella, der det vert understreka at uttaket skal vere selektivt på svake dyr, dvs. dyr som har unormal oppførsel under rakst trekk eller flukt, og/eller som verker skrantne eller spinkle. Me vil og be om at Miljødirektoratet krev ein innsats frå SNO for å undersøke raset i Lærdal når dette vert trygt, og bed om at dei avventar prøveuttaket til ein har innsikt i kva som ligg i raset.

Med helsing Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og Nordfjella villreinutval

Lars Nesse
leiar, villreinnemnda

Siri Wølneberg Bøthun
sekretær, villreinnemnda

Sigmund Tveitehagen
leiar, villreinutvalet

Harald Skjerdal
sekretær, villreinutvalet

Brevet er elektronisk godkjent

Kopi til:
SNO v. Knut Nylend
Mattilsynet v. Stefania Halldorsdottir
Veterinærinstituttet, v. Turid Vikøren
NINA v. Olav Strand
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v. Hermund Mjelstad

Sekretariatsadresse villreinnemnda:
Siri Bøthun Naturforvaltning
6896 Fresvik
post@sbnatur.no

Sekretariatsadresse villreinutvalet:
Aurland fjellstyre
Fjordsenteret, 5745 Aurland
aurland@fjellstyrene.no